



Kom frå Malaga til Gardermoen på torsdag utan at sikringstiltaka vart iverksett.

**Heimreisa frå utlandet kan vera dramatisk og tilfeldig. Det fekk Elin Enes med borna Linea og Oliver oppleva då dei kom frå Malaga med fly til Gardermoen på torsdag i denne veka. Ein glipp frå Avinor gjorde at ingen vart teken hand om med sikringstiltak. Ektemannen Geir Enes er på reise heim med bil. No er der uvisst om han kjem seg heim. Danmark stengjer sine grenser i morgon, laurdag, kl 12.00 fram til 13. april. Ei løysing kan vera ferje frå Kiel til Gøteborg og dermed reise via Sverige.**

Elin Enes fortel at ho og ungane kom frå Malaga og landa på Gardermoen torsdag kl 10.00. Ingen var på plass med informasjon, instruksar og sikringstiltak.

- Me veit at me skal rett i 14 dagars heimekarantene, men eg var nervøs for korleis me skulle koma oss heim utan å risikera å smitta nokon. På Gardermoen hang det plakater om at ein skal reisa kollektivt heim, og så vera i karantene. Det medførte 3 timar venting på Gardermoen før fly til Bergen, buss til kaien og så båt til Rosendal.

Det var ikkje sett fram handsprit før ein kom på båten frå Flesland til Rosendal. Livet på Gardermoen gjekk som normalt med opne restaurantar og tett mellom borda. Det var overraskande lite som tyda på at tiltak var iverksett.

Elin Enes og familien hadde tenkt å reisa heim om to veker, men returen vart framskunda då ho hørde korleis dette utvikla seg.

Hendinga på Gardermoen torsdag fekk store mediamerksemd. Kommunikasjonssjef i Avinor, Joachim Westher Andersen, legg seg flat og omhandlar det som hende på flyplassen, som ein glipp.

Uskedalen.no er kjend med at fleire uskedelingar i tida fram til 1. april er på veg heim frå reise og opphald i andre land. Det gjeld særleg returreise frå Thailand og frå Gran Canaria. Dei, vi kjenner, held seg til tinga returbillett. Dersom det vert endringar, kjem det melding frå flyselskapa.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Elin Enes

